

PROTOKOLL

MØTE I LEVELD, TORPO OG ÅL SOKNERÅD 20.4.2021 kl.19.30-20.45 – ÅL KYRKJESTUGU

Tilstades: Einar Brattegard, Anne Kjersti Frøyen, Arild Øystese Hansen, Torfinn Slåtto, Wenche Smestad, Liv Margit Sørbøen, Liv A Solberg, Vigdis Moen Storhaug.

Forfall: Else Karin Veslegard

Saksnr.		Ansvar
27/21	Godkjenning av innkalling og protokoll Ingen merknadar til innkalling, sakliste eller protokoll.	
28/21	Ordning for hovudgudstenesta Tidlegare vedtak vart gjennomgått i kyrkjelydens årsmøte før soknerådsmøtet. Det kom eitt konkret framlegg til endringar, i tillegg til feil målform i pkt 5. Kan kyrkjelyden vere med på lesing av « <i>Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet</i> »? Dette blir vedteke. Prestane prøver å legge inn ein liten informasjon om endringa i dei første gudstenestene. Det bør også presiserast at det er glutenfrie oblatar. Elles blir framlegget som vart presentert endeleg vedteke. Ny foldar må utarbeidast og dette må vere eit godt gjennomarbeidd produkt.	Staben
29/21	Val av soknerådet sin representant i styret for stiftelsen TID Arild Ø Hansen har vore vår representant i eitt år. Han ynskjer i utgangspunktet å fråtre dette vervet og begrunna dette. Liv Solberg informerte frå sin posisjon i styret for Kafè TID, og slo fast at Arild hadde hatt ein solid og viktig stemme i dette styret. Soknerådet utfordra Arild om han kan revurdere oppfatninga, og stille som representant eitt år til. Dette aksepterte han, og vart einstemmig valt.	Arild Ø H
30/21	Eventuelt Soknerådet vel Kjell Storhaug for å revidere rekneskapa til dei tre sokna for året 2020 under føresetnad at han aksepterer dette. Det har kome spørsmål om å leige Ål kyrkje for ein konsert med Kim Rysstad (salmeprojekt eller Draumkvedet). Einar gjekk frå som ugild sidan svigerdottera er søkjar. Soknerådet er positiv til dette. Me må arrangere dugnad på kyrkjegardane. Birger, Torfinn og Einar planlegg dette i lag med Kjellfred og kyrkjetenarar. Det må setast inn annonse i Hallingdølen og det kan vurderast koronavenleg kaffiservering.	Staben Staben Birger, Torfinn, Einar
Neste møte: 19.5.2021 kl 1700		
Referat: Torfinn Slåtto		

30/21 Eventuelt

Vigdis informerte om praksisen for dåpsgåver frå kyrkja. Kostnaden er totalt kr 312,-. Det er viktig å halde fram med desse gåvene. Ordninga bør heller utvidast enn reduserast. Årlege gåver med besøk av fadder er svært positivt.

Neste møte: 19.5.2020 kl 1700

Skrivar: Torfinn Slåtto